

Fitjar vidaregåande skule
Postboks 44
5418 FITJAR

Opplæringsavdelinga
Hordaland Fylkeskommune
v. Marianne Haaland
5020 BERGEN

Søknad om støtte til gratis frukost.

Fitjar vidaregåande skule søker med dette om støtte til gratis skulefrukost.

Skulen er på noverande tidspunkt ein helsefremjande pilotskule som allereie brukar nokre mottekne midlar på skulefrukost. Dette er skulen, elevane og dei tilsette svært glade for. Elevane, med støtte frå lærarar, seier at dei er meir konsentrerte i timane. Dette stadfestar og ei enkel undersøking gjennomført på skulen våren 2016. Pilotprosjektet vert avslutta våren 2017, men med von om å fortsetja dei gode og etablerte tiltaka.

Skulen har etablert ei koseleg og sosial ramme i kantina rundt ein sunn havregrautfrukost før elevane kjem på skulen. Ein del av våre elevar kjem på skulen i god tid før skulestart, grunna pendling, og har då høve til å kosa seg i kantina med gratis graut. Det same gjeld for skulen sine hybelelevar, som gjerne ikkje lagar seg frukost før skuledagen. Tilbodet vert og nytta av mange andre elevar som ikkje et frukost heime. Tilbodet er blitt så etterspurt at det er utvida til frukostfriminuttet, slik at det kan nå enda fleire elevar.

Fitjar vidaregåande skule vil med eventuelle mottekne midlar frå hausten 2017 kunne fortsetja å servera gratis graut, men og ha høve til å utvida tilbodet etter gjeldande retningsliner frå helsedirektoratet.

Fitjar vidaregåande skule har;

-**250** elevar

-Gjennomsnittleg inntakspoeng pr. 2016 er **36.8**

-Omfang av tilbodet vil vera alle vekedagar; **5 dagar** og gjelde **før skulen** startar kl. 07.55 og **ved første friminutt kl. 08.40.**

Budsjett; (5000 kr pr. veke x 39 veker = 195.000 kr - 50.000 kr i eigenandel) = **145.000 kr** i omsøkt beløp.

Fitjar vidaregåande skule søker om å få 145.000 kr i støtte til gratis skulefrukost. Slik kan skulen både fortsetja og utvida dette gode tiltaket som allereie er etablert.

Fitjar vidaregåande skule takkar for at me kan få denne moglegheita til å styrke helse og læring.

Fitjar 18.02.2017

Leif Helge Engelsen
Rektor

Hilde Førre
Elevinspektør